

Alver Kommune
v/Tone Furustøl

Fløksand 19.02.2023

Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø

Viser til grunnundersøkelser som er utført i forbindelse med utbygging av veistrekning mellom Fløksand – Vikebø.

Høsten 2022 ble det foretatt undersøkelser med borerigg mellom Fylkesvei og dyrket mark mot Herdlafjorden. Denne undersøkelsen ble utført for å avdekke grunnforhold i forbindelse med økte vannmasser ved utbygging av alternativ A2.

Undersøkelsene som ble foretatt ble avslutte ca 300 meter fra Herdlafjorden.

Var i kontakt med Hogne Nygård fra Vlfk som kunne informere om de planla og avslutte utvidelse av ekstra dreneringsrør i område hvor lukket grøft går over til åpen grøft / Håndmurt grøft oppført i 1970. (vedlegg 2. Skisse over området)

I brev datert 30.11.2021 fra Advokat Romstad vedrørende svar og bekymring ved veivalg A2 ble det spesielt påpekt følgende: *Skulle alternativ A2 opprettholdes til tross for foranstående kreves det klarligvis en særskilt konsekvensutredning der alle faktiske forhold blir avdekket ved grunnundersøkelser, og med tilhørende kvalifiserte sakkyndige vurderinger, før noen gravearbeider kan påbegynnes.*

Fylkeskomunen har kommet med følgende kommentar til dette punktet;

- *Leira som finst på Fløksand der vi skal legge drensløft ned fra A2 er vurdert. Det er ikke store samanhengande område med leire, men små lommer mellom fjellknausar. Detaljvurderingar vil bli supplert fram mot bygging, større utgreilingar er ikke nødvendig.*

Fylkeskommunen har konkludert uten å foreta en helhetlig undersøkelse av berørt område.

Påstandene som fremkommer i begrunnelsen, er usanne. Det er sammenhengende leiere i området hvor man tenker å avslutte rørføring og til sjø. Åpen grøft fra dyrket mark til Herdlafjorden er ikke en naturlig elv, men en håndmurt åpen grøft. Denne grøften er bygget i området med ustabil grunnmasse. Som tidligere nevn er grøft ikkje dimensjonert for utvidelse av vannmasser fra ny veitrase.

Dette punktet ble påpekt i skrivet dere mottok fra Advokat Romstad der vi ba om utvidet grunnundersøkelser for hele området mot Herdlafjorden.

Grunnundersøkelser som er foretatt stopper som nevnt på dyrket mark og vurderingen som er tatt har ikke tekniske bevis som støtter grunnlaget for å stoppe videre undersøkelser.

Vi mener at dette punktet er så vesentlig og viktig for sikkerheten for området at en utvidelse uten å hensynta nevnte område ikke vil bli akseptert.

Skulle A2 bli veivalg må nevnte område som er uteglemt fra grunnundersøkelsen sjekkes helt frem til sjø før utbygging starter.

Å øke vannmassene for således å slippe disse ut i håndmurt bekk for deretter å overlate all fremtidige bekymringer til grunneigar er meget uheldig.

Det kreves at det fremlegges en helhetlig plan for håndtering av økte vannmasser hele veien til sjø.

Vi ønsker en snarlig tilbakemelding vedørende denne saken.

Med vennlig Hilsen

Frode Anfinsen

På vegne av fellesklage fra Paul Scholtz

Frode Anfinsen
Fløksand 62
5918 Frekhaug


Fv. 564 Fløksand - Vikebø. Utviding av planområde av omsyn til handtering av overvann

Vi viser til planutkast for ny fv. 564 fra Fløksand til Vikebø i Alver kommune, som var ute på høyring nå i vår. I gjennomgangen av planen i samband med handsaming av merknader viser det seg at handtering av overvann i sørlege del av planområdet er noko meir utfordrande enn tidlegare lagt til grunn. Dette gjeld begge planalternativa i sør, både A1 og A2. I samråd med Alver kommune sender vi som tiltakshavar ut informasjon om endringa, men jf. under skal merknader sendast til Alver kommune.

Handtering av overvann vil vere avhengig av val av alternativ, vi har forskjellig utkast til løysing for alternativ A1 og alternativ A2. Generelt legg vi til grunn at areala i det utvida området skal vere uendra etter at anleggsarbeidet er gjennomført. Det skal leggjast ned nye overvassrøyr med betra kapasitet i eksisterande trasear for overvassleidningar. Det blir lagt opp til ein om lag 20 m brei trase med mellombels anleggsområde for å kunne tilpasse grøftetrase under arbeidet og ha plass til å arbeide med gravemaskin. Arealbruk elles er lagt inn i tråd med kommuneplanen.

Løysing for alternativ A1


I dette alternativet for ny fv. 564 blir det bygd ei ny rundkøyring om lag der krysset med fv. 5308 Vestbygdvegen ligg i dag. Nye vegar inn til kryssområdet vil gi litt auka tilførsel av overvann inn i området. For å sikre god drenering ut frå området legg vi opp til ny overvassleidning søraustover langs dagens fv. 564 i om lag 200 - 250 m lengde til ein eksisterande vasskum. Denne kummen skal senkast om lag 1 m, og vi vil leggje nytt røyr i om lag 100 m lengde fram mot søkk/bekk som renn ned til myra og den vesle elva som kjem frå Brakstadvatnet.



Fyrste del av traseen går langs eksisterande fv. 564 og vil få vegføremål med LNF og mellombels bygge- og anleggsområde ved sidan av vegen. Siste del vil, i tråd med kommuneplanen i området, bli LNF-område, og det vil bli mellombels bygge- og anleggsområde, med føresegner som gitt i tidlegare planutkast, føresegner pkt. 5.1. Området er ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga. Søk i tilgjengelege databaser viser ikkje noko særskilt i området knytt til naturmangfold, naturressursar, friluftsliv eller kulturmiljø. Inngrepet utanfor eksisterande veg er mellombels, terrenget vil bli attendeført slik det var før tiltak.

Løysing for alternativ A2

I dette alternativet for ny fv. 564 blir det bygd ny rundkjøring om lag 250 m vest for krysset med fv. 5308 Vestbygdvegen. Nye vegar vil gi litt auka tilførsel av overvatn i området. I dag blir overvatn frå skogsområdet nord for fv. 564 ført inn i gamle, lukka kistevitene som går under jordbruksområdet sør for fv. 564. Tilstanden til desse gamle kistevitene er usikker, og det er uklart om dei har kapasitet til å ta i mot meir overvatn. Vi legg derfor til grunn at det kan bli nødvendig å leggje nye røyr i same trase. Eksisterande kistevitene er opne i lia lengre ned, frå ein sti som går ned til nokre naust ved Sørastøa. Auken i tilførsel av overvatn er liten, og utbetringa av overvasssystemet er berre aktuelt der kistevitene er lukka og i for dårlig stand. Lengda på strekninga der nye røyr kan vere nødvendig er om lag 200 - 250 m. Ved krysning av kommunal veg Fløksand kan det ev. vere nødvendig med ein stikkledning pga. lågbrekke i terrenget.



I samsvar med kommuneplanen er området regulert til LNF-område, og det er mellombels bygge- og anleggsområde. Inngrepet er mellombels, terrenget vil bli attendeført slik det var før tiltak. Pkt. 5.1 i føresegnehene i tidlegare planutkast er dekkande og for denne utvidinga.

Kort temavis om det utvida planområdet ut frå konsekvensutgreiinga og tilgjengelege data:

Landskapsbilete

Utvidinga er ein del landskapsområde L1 Fløksand i konsekvensutgreiinga, området er gitt middels verdi.

Naturressursar

Jf. konsekvensutgreiinga er området ein del av det som i ein temaplan til kommuneplan 2012 - 2016 er kjerneområde landbruk Fløksand. I konsekvensutgreiinga har delområde J1 Fløksand sør

fått middels verdi. Det er overflatedyrka og fulldyrka jord. Det blir lagt opp til å ta vare på matjorda og legge den på plass. Tidspunkt for arbeidet vil bli fastsatt i dialog med grunneigarane.

Naturmangfald

Området er ikkje vurdert eller synfart som del av konsekvensutgreiinga. Søk i Naturbasen viser at det er registrert ei eik, utvald naturtype store gamle eiker, like nedanfor planutvidinga. Eika står ovanfor strekket med open kisteveit og får etter vår vurdering ikkje verknader av planutviding og tiltak.

Kulturarv

Utvidinga går gjennom ein del av eit større område som i konsekvensutgreiinga for kulturarv er omtalt som delområde nr. 1 Fløksand - Leirvik. Delområdet er omtalt som eit heilskapleg miljø med stor tidsdjupne. Oppleavingsverdi og kunnskapsverdi er stor, og området er gitt stor verdi.

Friluftsliv/bygdeliv

Ved utarbeidning av konsekvensutgreiing vart den lokale badeplassen Turneset/Sørastøa vurdert å ligge utanfor influensområdet for ny fv. 564, slik at området er ikkje er vurdert i utgreiinga. Planutvidinga går over kommunal veg Fløksand og ned til sti ned mot Sørastøa. Kommunal veg og sti er tilkomst til det registrerte friluftslivområdet (kartlagde friluftsområde i Meland kommune, 2016) Turneset/Sørastøa, som er ein lokal badeplass. Overvatnet vil, som tidlegare bli ført inn i open kisteveit frå stien og nedover. Bortsett frå i anleggsperioden ved kryssinga vil stien ikkje bli påverka.

Vurdering

Planlagt tiltak vil ikkje føre til varige terregendringar. Terrenget blir, jf. føresegner pkt. 5.1 d, attendeført slik det var før tiltak. Ut frå dette og omtalen elles over er vår førebelse vurdering at det ikkje vil vere negative konsekvensar knytt til tiltaket.

Informasjon og ev. merknader

Har de spørsmål rundt planutviding og tiltak så ta kontakt med Ingar Hals, ingar.hals@vlfk.no /974 73361. Har de spørsmål rundt kommunal handsaming så ta kontakt med planforvaltning@alver.kommune.no. Sjå elles våre nettsider for informasjon om planarbeidet generelt, <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/vegprosjekt-i-vestland/nordhordlandspakken/fv.-564-floksand-vikebo/>.

Ev. merknader til utviding av planområdet og løysingane for handtering av overvatn skal sendast til Alver kommune. Bruk anten e-post, post@alver.kommune.no eller vanleg post, Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Frist for innsending av merknader er 6. desember.

Avslutning

Etter at merknader er innkomne vil fylkeskommunen som tiltakshavar vurdere desse. Vi vil, ut frå tidlegare mottatte merknader til planutkastet og desse nye for overvatn, vurdere om vi eventuelt endrar vår tilråding av alternativ før vi sender saka til slutthandsaming i Alver kommune. Endeleg planvedtak og val av løysing blir gjort av kommunestyret i Alver kommune. Vi vil sende saka over til Alver kommune ganske raskt etter merknadsfristen 6. desember, og reknar med at endeleg vedtak av planen vil skje våren 2022.

Med helsing

Wilhelm Lund
leiar


Ingar Hals
sjefingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste

Helene Halland Anfinsen
Frode Anfinsen
Torill Fløysand Jacobsen
John Kåre Fløysand

Fløksand 62	5918	FREKHAUG
Fløksand 62	5918	Frekhaug
Rosslandsvegen 1070	5918	Frekhaug
Rosslandsvegen 1072	5918	Frekhaug



<p>0 20 40 60m</p> <p>Målestokk 1: 1500 ved A3 utskrift</p> <p>Utskriftsdato: 15.11.2021 09:48</p> <p>Eiendomsdata verifisert: 15.11.2021 09:27</p> <p>Gårdskart 4631-305/1/0</p> <p>Tilknyttede grunnelendommer: 305/5/0-305/6/0-305/1/0</p> <p>NIBIO NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI</p>	<p>Markslag (ARS) 7 klasser</p> <p>TEGNFORKLARING</p> <table border="1"> <tr> <td>■</td> <td>Fulldyrka jord</td> <td>29.9</td> </tr> <tr> <td>■■</td> <td>Overflatedyrka jord</td> <td>5.9</td> </tr> <tr> <td>■■■</td> <td>Innmarksbeite</td> <td>21.3</td> </tr> <tr> <td>■■■■</td> <td>Produktiv skog *</td> <td>345.7</td> </tr> <tr> <td>■■■■■</td> <td>Annet markslag</td> <td>77.4</td> </tr> <tr> <td>■■■■■■</td> <td>Bebygd, samf., vann, bre</td> <td>9.3</td> </tr> <tr> <td>■■■■■■■</td> <td>Ikke kartlagt</td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td>■■■■■■■■</td> <td>Sum</td> <td>489.5</td> </tr> <tr> <td>■■■■■■■■■</td> <td>AREALTALL (DEKAR)</td> <td>489.5</td> </tr> </table> <p>* Produktiv skog er skog på fastmark og myr med skogbonitet lav eller bedre.</p> <p>Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnkart for gjenkjennelse. Arealstatistikk viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>■ Arealressursgrenser □ Eiendomsgrenser ● Driftssenterpunkt</p>	■	Fulldyrka jord	29.9	■■	Overflatedyrka jord	5.9	■■■	Innmarksbeite	21.3	■■■■	Produktiv skog *	345.7	■■■■■	Annet markslag	77.4	■■■■■■	Bebygd, samf., vann, bre	9.3	■■■■■■■	Ikke kartlagt	0.0	■■■■■■■■	Sum	489.5	■■■■■■■■■	AREALTALL (DEKAR)	489.5
■	Fulldyrka jord	29.9																										
■■	Overflatedyrka jord	5.9																										
■■■	Innmarksbeite	21.3																										
■■■■	Produktiv skog *	345.7																										
■■■■■	Annet markslag	77.4																										
■■■■■■	Bebygd, samf., vann, bre	9.3																										
■■■■■■■	Ikke kartlagt	0.0																										
■■■■■■■■	Sum	489.5																										
■■■■■■■■■	AREALTALL (DEKAR)	489.5																										

ALVER KOMMUNE STATSFORVALTAREN I VESTLAND Petter Dale	Postboks 4 Njøsavegen 2 Teigane 2	5906 6863 5260	FREKHAUG LEIKANGE R INDRE ARNA
Ove Evald Kristiansen Malvin Fløysand	Vestbygdvegen 11 Vestbygdvegen 33 Postboks 4	5919 5919 5906	Frekhaug Frekhaug FREKHAUG
ALVER KOMMUNE TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT ADMINISTRASJON	Postboks 79	5906	FREKHAUG
ALVER KOMMUNE NÆRING OG UTVIKLING	Postboks 79	5906	FREKHAUG
ALVER KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING ADMINISTRASJON			